

**- Det var trist å lese at Gustav Bergstø ble forulykket i februar og at han ikke fikk se det planlagte bokprosjektet ferdig, skriv tidlegare statsminister Kjell Magne Bondevik i eit brev til GAUSVIK skrivestove der han takkar for tilsendt brev og bok.**

Gustaven var fleire gonger til Oslo for å snakka med stortingspolitikarar om nokre av prosjekta sine.

To gonger hadde han samtalar med Bondevik som sendte han julehelsing og ynskte han lukke til med hjelpeaksjonen for sveltande born i Russland, opplyser Olaf Agnar Gausvik til uskedalen.no

Fyrsteoplaget av 'Gustaven og dei siste mohikanarane' er no fordelt på SPAR-butikken i Uskedalen, Kvinnherad Bok og Papirhandel på Husnes og Gausvik landhandel i Sundal.

Skulle desse tre gå tomme, kan folk venda seg direkte til Setesdalsforlaget på mailadressen [s.forlaget@online.no](mailto:s.forlaget@online.no). Forlaget sit med knapt 100 bøker som ein reserve.

- Sjølv er eg heilt tom, opplyser Olaf Agnar.

Boka om Gustaven vert rost av mange både i Uskedalen og heile Kvinnherad.

Av Ola Matti Mathisen